

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Tore Malvin Natås
Sævråsvegen 301
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8536 - 20/26089

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
07.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 43/5

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 43/5
Tiltakshavar: Tore Malvin Natås

Alver kommune har den 24.04.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning den 23.04.2020 vart registrert framandelement (ein del våtserviettar) i 2. kammer i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sævråsvegen 299, 5957 Myking. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at «(l)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve.

I medhald av forurensningslova § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, oppmodar vi deg til å ikkje kaste våtserviettar el. lignande i sanitærutstyr.

Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for deg.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Malvin Natås

Sævråsvegen 301

5957

MYKING